

# MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 31/2007

Møtedato: 9.5.07

Arkiv nr: 132

## **Søknad om tilskot – stølslaget Strø**

Alle stølsbrukarane i Strø har gått saman for å få ei styring/tilrettelegging for turisme, og for ta vare på den gamle stølskulturen med gamle tradisjonar som steinmurar, skigard og hus. I denne samanheng søkte dei fjellstyret om tilskot jf sak 25/2006.

Aktuelle tiltak er: rydding av skog og kratt, rette opp steinmurar, setja opp skigardar, setja opp mjølkerampe, parkeringsplass, informasjonstavle, rydde og merke stigar, leggja til rette for betre tilgang til Nestisvatnet.

Fjellstyret gjorde følgjande vedtak:

*Fjellstyret ser svært positivt på engasjementet fra stølslaget. Fjellstyret har vedteke å satse på eit stølsprosjekt saman med Vestre Slidre kommune. Det er naturleg å utsetja søknaden om tilskot inntil vi kjem i gang med stølsprosjektet og kan få ei samla vurdering av dei ulike tiltaka.*

Det er no fremma ein ny søknad som omfattar utviding av parkeringsplass, rastebord, informasjonstavle, mjølkerampe, skilting, veg til Nestisvatnet og do ved Køltjednet. Samla kostnad for tiltaka er ca kr 70.000. Fyrsteprioritet for tiltak er oppføring av do.

## **Vedtak:**

Før fjellstyret tek stilling til søknaden vil ein sjå på saka under befaring den 15. juni.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 10.5.07

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Arne Myhre  
Statskog